Time kommune

Arkiv: K2-A20, K3-&13
Vår ref: 11/2468-1
Journalpostid 11/22342
Saksbeh.: Reidun Roe Bohne

HØYRING- NASJONAL BESTEMMING OM LÆRARTETTLEIK I GRUNNSKULEN

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Levekår	058/11	16.11.2011

Framlegg til vedtak:

Time kommune støttar den foreslåtte endringa i Opplæringslova § 8 -2 , alternativ 1, men forutset at det nye lovforslaget blir fullfinansiert.

Levekår

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

LEV-058/11 Vedtak:

Time kommune støttar den foreslåtte endringa i Opplæringslova § 8 -2 , alternativ 1, men forutset at det nye lovforslaget blir fullfinansiert.

HØYRING- NASJONAL BESTEMMING OM LÆRARTETTLEIK I GRUNNSKULEN

SAKA GJELD

Kunnskapsdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat der det blir foreslått følgjande endringar i opplæringslova:

- Innføring av nasjonale bestemmingar om lærartettleik i grunnskulen
- Innføring av ei lov som gjer det klart at skuleeigar kan organisera særskilte innføringstilbod for nykomne minoritetsspråklege elevar
- Innføra lov om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

Heile høyringsnotatet ligg på departementet si internnettside:
http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer.html?id=1976.
Høyringsfristen er sett til 3. janaur 2012.

I denne saka er det berre gjort greie for konsekvensar av ein eventuell nasjonal standard for lærartettleik. Når det gjeld organisering av særskilte innføringstilbod for nykomne minoritetsspråklege elevar, organiserer vi opplæringa slik som den nye foreslåtte lova seier i og med at vi har ein avdeling med norskopplæring for barn ved Bryne skule.

BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

Kunnskapsdepartementet syner til regjeringa si politiske platform der det m.a. heiter at regjeringa vil "leggja til rette for fleire lærarar gjennom å styrkja kommuneøkonomien og ved å endra opplæringslova for å sikra ei maksimumsgrense for talet på elevar pr. lærar på kvar skule." Vidare heiter det at regjeringa har som mål å lovfesta ei ressursnorm i grunnskulen. Midlar til ei slik norm, vil bli vurdert i samband med budsjettproposisjonane for det enkelte år.

I stortingsmeldinga om ungdomstrinnet, *Meld. St.22 (2010 -2011), Motivasjon –Mestring – Muligheter* som vart lagt fram våren 2011, vart det også varsla om at Kunnskaps-departementet ville leggja fram eit høyringsnotat om regulering av lærartettleik.

I høyringsnotatet blir der peika på at det er viktig at den nasjonale bestemminga skal sikra ein minimumsressurs. Det blir lagt fram to ulike modellar for utrekning av minimumsressurs når det gjeld lærartettleik. Den eine modellen bereknar ein minimumsressurs pr. kommune, medan den andre modellen bereknar ein minimumsressurs pr. skule.

Modellen seier ingenting om storleiken på ei gruppe, men ein viser til gjennomsnittleg lærartettleik i *ordinær undervisning.* Med ordinær undervisning meiner ein alle timar, unnateke timar til spesialundervisning og undervisning i særskilt norsk. Ein kjem fram til gjennomsnittleg gruppestorleik ved å dela samla elevtimar i ordinær undervisning på samla lærartimar i ordinær undervisning. (Timar til spesialundervisning og grunnleggjande norsk er ikkje rekna med).

Det er foreslått tre differensierte nivå for lærartettleik:
A: 15 i 1.- 4. trinn, 20 i 5. - 10. trinn
B: 16 i 1.- 4. trinn, 20 i 5. - 7. trinn, 21 i 8. - 10. trinn
C: 18 i 1. -4. trinn, 20 i 5. - 7. trinn , 22 i 8. - 10. trinn

Formålet med å foreslå ein lovfesta minimumsressurs for lærartettleik på skule eller kommunenivå, er å sikra at alle elevar får eit kvalitativt godt skuletilbod uansett kor dei bur

og uansett kor mange elevar det er som har spesialundervisnig eller særskilt norskopplæring på skulen eller i kommunen.

Departementet foreslår at reguleringa av ei nasjonal bestemmeing om lærartettleik blir tatt inn som eit nytt ledd i opplæringslova § 8 -2 om organisering av elevane. Nytt § 8-2 tredje ledd vil lyda: *"Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vera større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. På årstrinna 8-10 skal den einskilde skule samla ikkje ha ein gjennomsnittleg gruppestorleik som overstig 20/21/22 elevar pr. lærar, berekna på å dela talet på elevtimar på talet på lærartimar. Dette gjeld ordinær undervisning."*

Alternativ 2 har same ordlyd, men gjennomsnittleg gruppestorleik er på kommunenivå. Eit kostnadsoverslag som departementet har gjort, syner at det på landsbasis vil bli behov for 249 nye lærarårsverk i 83 kommunar dersom gruppestorleiken på ungdomstrinnet blir sett til 22 etter alternativ 1. Går ein på alternativ 2 (kommunenivå), vil tilsvarande auke i årsverk vera 77 i 33 kommunar.

Alt etter kva modell ein vel, og om ein landar på skule eller kommunenivå, vil den nye minimumsnorma kreva fleire lærarårsverk i mange kommunar. I følgje resultat i www.skoleporten.no (2010/2011), ligg Time kommune over minstenorma som er foreslått frå departementet, både på skule og kommunenivå.

Lærartettleik på skulane i Time 2010/2011
Ordinær undervisning

Bryne	19,8
Rosseland	18,7
Frøyland	16,9
Lye	15,4
Hognestad	12,2
Vestly	11,9
Undheim	16,3
Frøyland u	21,3
Lye u	16,2
Bryne u	19,5
Kommunen samla	17,4

GSI (grunnskolens informasjonssystem) for inneverande år, viser at gjennomsnittleg gruppestorleik har auka til 18,8, men kommunen samla ligg innanfor det foreslåtte lovkravet.

Går ein inn på dei einskilde skulane, viser berekningar at Bryne ungdomsskule ville få fleire lærarar etter det nye lovforslaget, det same gjeld for Frøyland ungdomsskule. Grunnane til at ein får ei endring frå eitt år til eit anna, kan vera ulike. På Bryne ungdomsskule har elevtalet auka, og skulen har nytta deler av tildelte ressursar til innkjøp av pultar og bøker. I tillegg held ein tilbake lærarårsverk for å dekka opp underskot i budsjettet.

Skulane nyttar også ein del av den ordinære lærarreussursen spesialundervisning og til miljøarbeidarar/miljøterapeutar.

VURDERING

Det er positivt at regjeringa innfører ei nasjonal norm for lærartettleik. Norma er nødvendig for å kunna gje elevane tilpassa opplæring, og vil sikra at ressursar til vanleg undervisning ikkje blir brukt til spesialundervisning. Det er viktig at den nye lova om lærartettleik blir berekna ut frå skulenivå (Alternativ 1), og ikkje kommunenivå. Dersom ein nyttar kommunenivå (Altenativ 2), vil det slå uheldig ut for t.d. vår kommune, som har mange forhaldsvis små skular.

Time kommune har, dersom ein ser kommunen under eit, tildelt nok lærarar i høve til ny føreslått norm. Dette gjeld også for skulenivået fram til skuleåret 2010/2011. Inneverande skuleår, ser det ut til at 2 ungdomsskular har for liten ressurs i høve til den foreslåtte norma.

Ein minsteressurs lærartettleik vil sikra den ordinære undervisninga, og gjera skulane i stand til å oppfylla kravet om tilpassa opplæring. Det blir også mogeleg for ungdomsskulane å kunna gje meir praktisk og variert undervisning i tråd med Stortingsmelding 22: Motivasjon – Mestring- Muligheter.

Behovet for spesialundervisning og særskilt norskundervisning kan då ikkje redusera den ordinære undervisniga.

Kravet om minsteressurs lærartttleik er i første omgang avgrensa til ungdomstrinnet, og vil i følgje GSI (grunnskolens informasjonssytem) ikkje føra til store endringar i skulebudsjettet i Time. Det er likevel grunn til å understreka at eit lovkrav om ein minsteressurs for lærartettleik, vil kunna føra til fleire lærarstillingar på sikt. Departementet slår fast at dei nye årsverka i første omgang vil koma i større kommunar med høg befolkningstettleik. Det vert også peika på at dette kan føra til mangel på kvalifiserte lærar.

For kommunen kan ei fastsett norm om lærartettleik gje mindre handlefridom i høve til å styra dei samla ressursane som kommunen rår over, men som tidlegare nemnt ligg kommunen over den foreslåtte minstenorma samla sett.

KONKLUSJON

Ein minsteressurs lærartettleik vil sikra den ordinære undervisninga, og gjera skulane i betre stand til å oppfylla kravet om tilpassa opplæring. Behovet for spesialundervisning og særskilt norskundervisning kan då ikkje redusera den ordinære undervisninga.

Time kommune støttar endringa i Opplæringslova § 8 -2, alternativ 1, men forutset at det nye lovforslaget blir fullfinansiert.

Rådmannen i Time, den 27.10.2011

Brit Nilsson Edland

Ørjan Daltveit
kommunalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur